



Referat årsmøte ARNA KULTURÅD

Espeland Fangeleir onsdag 12. Februar 2020 kl 18.00

Tilstades:

Bjørn Myhren, Arna Rotaryklubb (Arna Kulturråd interimstyret)
Magnus Vestrheim, Arna Senioruniversitet
Krister Salomon Hammersland, Arna Trefestival
Nils Yngve Brudvik, Arne Musikforening (Arna Kulturråd interimstyret)
Inge Olsen, Arne Musikforening (Arna Kulturråd interimstyret)
Berit Ljones, Det Hvite Bånd
Reidar Flatabø, EKKO Espeland Kunst Og Kulturorg.
Ole Johan Hauge, Stiftinga Espeland Fangeleir
Evelyn Haldorsen, Espeland Fangeleir Venneforening (Arna Kulturråd interimstyret)
Tor R Iversen, Espeland Fangeleir Venneforening
Reidar Flatabø, Hauge Ungdomslag
Gisle Aasheim, Kulturhuset Sentrum
Oddbjørn Kvalheim, Kunstnar
Ragnvald Samsonsen, Trengereidkoret
Sollaug Damminger, Ytre Arna Museum
Knut Rokne, Privat
Tore Einar Hammersland, Arna Makerspace
Sveinung Mjelde, Espeland Fangeleir Venneforening (Arna Kulturråd interimstyret)
Malin Meier Birkeli, Privat

Invitere Gjester
Katrine Nødtvedt, byråd for kultur, mangfold og likestilling i Bergen Kommune
John Kristian Øvrebø, kultursjef for Arna og Åsane i Bergen Kommune.

Bjørn Myhren ynskte velkommen og introduserte Malin Meier Birkeli som framførde vakker klassisk song.

Så vart den formelle delen av årsmøtet opna med følgjande agenda:

§ 7 Årsmøte sine oppgåver

Årsmøte skal:

- 1. Godkjenne dei frammøtte representantane
- 2. Godkjenne innkalling, saksliste og forretningsorden
- 3. Velge dirigent, sekretær samt to representantar til å underskrive protokollen
- 4. Handsame årsmeldinga
- 5. Handsame revidert rekneskap
- 6. Handsame forslag til handlingsplan
- 7. Handsame innkomne forslag
- 8. Vedta budsjett
- 9. Val

Referat:

1. Dei frammøtte representantane vart samråstes godkjende
2. Innkalling, saksliste og forretningsorden vart samråstes godkjent

3. Bjørn Myhren vart valgt som dirigent, Inge Olsen valgt som sekretær/referent, Ragnvald Samsonsen og Sollaug Dammingen til å underskrive protokollen.
4. Årsmeldinga for 2019 vart gjennomgått avsnitt for avsnitt. Denne vart godkjent med ein kommentar til medlemslista om at Arne Musikforening stifta i 1877 er så gammal at Musikforening vert skreven med ein k. Kommentaren vart tatt til fylge og årsmeldinga vart så samråystes vedtatt.
5. Revidert rekneskap vart samråystes vedtatt.
6. Forslag til handlingsplan vart handsama
 - Arbeide med nytt kulturhus i bydelen
 - Bygge alliansar
 - Forbetring av forsamlings og øvingslokalitetar
 - Verve medlemer med særleg vekt på å få med fleire unge
 - Etablere kulturtorg – Øyrane Torg ??
 - Medverke til samarbeid mellom lag og organisasjoner
 - Støtte og hjelpe i samband med søknader om tilskott
 - Samordning og koordinering av fellesarrangementer
 - Utvikle samarbeidet med Arna og Åsane Kulturkontor
 - Utvikle samarbeid med næringsliv/sponsorar
 - Samarbeid med det nye Bydelsstyret når og dersom det kjem
 - Koordinering og marknadsføring av aktivitetstiltak
 - Medverke til å markere Bergen sitt 950års jubileum på arrangement aktiv i Arna i Espeland Fangeleir 23. August

Handlingsplanen var samråystes vedteken med kommentarar og rettingar merka i understreka kursiv

7. Innkomne forslag. Det er ingen innkomne forslag.
8. I budsjettet er tilskott frå Bergen Kommune kr 30 000 eit ønska tilskott til drift av Arna Kulturråd. Det er laga til søknad i tilskuddsportalen som det nye styret må handsama og sende inn til Bergen Kommune. Summen kan det nye styret ta stilling til og endre om dei vil.
Med denne kommentaren vart forslag til budsjett samråystes vedtatt.
9. Val: fylgjande vart samråystes valgt

Leiar:	Tore Einar Hammesland
Styremedlem	Sveinung Bøe Mjelde
	Malin Meier Birkeli
	Knut Inge Rokne
	Krister Salomon Hammersland
Vararepresentantar	Marta Hildegunn Mjeldheim
	Adela Salomon Hammersland
	Reidar Flatabø

Styret konstituerar seg sjølv og utpeikar kasserar.

Årsmøtet gjorde fylgjande vedtak:

Valgt leiar skal ha signatur

Valgt leiar og konstituert kasserar har prokura kvar for seg.

Interimstyret ynskte det nye styret lukke til. Erfaringsoverføring er på plass ved at to av dei som har vore med i interimstyret held fram i det nye styret. Dersom det nye styret finn oppgåve som dei som no går ut av styret kunne passa til, så ta gjerne kontakt.

Då var det formelle årsmøtet ferdig.

Ordet vart så gjeve til byråd Katrine Nødtvedt

Ho takka for invitasjonen til møtet og nevner kva ho meinat er viktig andsynes Arna Kulturråd.
Engasjement for Arna og eit blomstrande kulturliv i bydelen er inspirerande.
Byråden ser fram til eit godt samarbeid i tida framover.

Alle skal ha tilgang til gode kulturelle opplevingar uavhengig av betalingsevne, funksjonsnivå, kompetanse eller kjenskap til kulturtildel, også uavhengig av i kva for ein bydel ein bur i.
Bergen skal vera ein god by å bu i med trivelege lokalsamfunn.

Ein grøn kulturpolitikar sine viktigaste oppgover er å laga så gode lokalsamfunn, fyllt med kunst og kultur, at ingen treng å reisa lange vegar til utlandet eller kansje ikkje med bussen inn til sentrum for å få gode kulturopplevingar.

Kulturlivet er møteplass som skapar samhold.

Me må strekkja oss etter dei som kulturen ikkje når i dag, og kulturbyråden har starta eit arbeid med mangfold og deltaking i kulturlivet med mål å finna ut kva for barrierer som hindrar folk å delta i kulturlivet som publikum eller formidlar. Her ber kulturråden om at Kulturråda deltar og kjem med innspel. Kva kan eksempelvis kommunen gjere for å nå ut til og endå betre å involvere folk.

Bergen skal søkja om å verta ein europeisk kulturhovudstad på nytt. Kulturbyråden sitt mål for denne søknaden er at det skal byggjas ein kulturby som alle bergensarar kjenner seg igjen i.

For å koma dit må kulturbreen Bergen byggjast nedanfrå, og dette kan Kulturråda ta del i. Det trengs sterke lokale krefter med god kjennskap til bydelen sin.


Skal byråden tale for bydelen sine saker trengs innspel, råd og kritikk fra dei som kjenner bydelen best.


Målet for 950 års jubilet er å fokusera på bærekraft, identitet og demokrati. Alle bergensarar skal kunna bidra til feiringa. Det er ein tilskotsordning på kr 250 000,- som allt er brukt opp, men det er bevilga nye kr 200 000,- som det no kan søkjast på. Målet er at heile bydelen og byen skal kunna delta i feiringa.


Byråden såg fram til eit godt samarbeide, og ynskte Arna Kulturråd lukke til vidare.

Til sist på denne samlinga fekk me igjen høyre Malin Meier Birkeli på imponerande vis framføra ein vakker klassisk song av Mozart.

Byråden og Malin fekk så blomar som takk for sine bidrag til møtet.


Inge Olsen
Referent


Solaug Damminger
Representant


Ragnvald Samsonsen
Representant